

# AVTALE

## MELLOM RADØY KOMMUNE OG MELAND KOMMUNE OM KJØP AV GJESTEPLASSAR VED RADØY VELFERDSSENTER

Avtalen gjeld kjøp av plass i institusjon ved Radøy Velferdssenter for innbyggjarar i Meland kommune som har vedtak om institusjonsplass heimla i Lov om kommunale helse- og omosrgstenester § 3-2 pkt g c og d.

### 1) ANSVARSFORDELING

Meland kommune fattar enkeltvedtak om plass, og bestemmer lengda på opphaldet. Brukar vert orientert om at det er kjøpt plass til vedkomande ved Radøy Velferdssenter.

Radøy kommune tilbyr plass som samsvarar med Meland kommune sitt vedtak. Radøy Velferdssenter tek i mot gjestepasientar frå Meland på kvardagar, mandag – torsdag. Radøy kommune har ikkje høve til å tilby opphold i skjerma omgjevnader. Dersom brukar har spesielle behov, må dette avklarast med Radøy kommune på førehand. Kopi av vedtak, sjukepleierapport, epikrise og medisinliste skal sendast til Radøy Velferdssenter før gjesteopphaldet tek til. Radøy kommune ønskjer eit kontaktpunkt pr. telefon med Meland kommune i høve pasientspørsmål.

2) **Tal plassar:** Avtalen gjeld 2 plassar

3) **Avtale periode:** Avtalen gjeld for perioden 27/2 - 19 - 10/4 - 19

4) **Oppgjer:** Pris pr. døgn er 2.000,- pr plass I denne prisen inngår dei tenester som er omfatta av § 7 i « Forskrift for vederlag for opphold i institusjon m.v. av 25. april 1995 med dei unntak som går fram av pkt 5 i denne avtalen.»

5) **Ikkje med i prisen:**

- a) tannbehandling
- b) fotpleie og frisør
- c) praktisk og økonomisk ansvar i samband med inn- og utskriving av institusjon ligg hos Fedje kommune
- d) utgifter til transport og følge til undersøking og behandling utanfor institusjonen
- e) utgifter til medisinsk behandling som går utover gjennomsnittleg forbruk for ein sjukeheimspasient i regionen, jfr revisjonsrapport av 2009.

### 7. Utskriving:

Dersom lengda på opphaldet ikkje er fastsett ved innskriving, skal varsel om utskriving gjevast til institusjonen 1 veke før utskrivingsdato. Faktura vert sendt etter avslutta opphald.

**8. Anna:**

Hjelpemiddel og anna personleg utstyr som pasienten har bruk for, skal fylgja vedkomande ved innskriving. Det er ønskeleg at klede vert merka og at pasienten har oversikt over eigendelar som er med ved innskriving.

**9. Oppseiing:**

Avtalen kan seiast opp frå begge partar med 1 månads varsel.

Avtalen er skriven i 2 eksemplar. Partane skal ha kvar sitt.

For Meland kommune

Meland den 6/3 -19

Britt Ranheim

For Meland kommune

For Radøy kommune

Manger den 12.3.2019

Grete Agnij Mørk

For Radøy kommune